



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 18.09.2018
Tid: 16:00 – 20.05

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Inge-Jonny Hide	Medlem	H
Ivar Slettevoll	Medlem	H
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Arnfinn Hide	Medlem	H
Elisabeth Strand Slettestøl	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Trond Torset	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Camilla Auflem Vik	Medlem	A
Bjørn Flatøy	Medlem	TVP
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Liv Sæther Myskja	Medlem	TVP
Olav Myklebust	Medlem	SP
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Marion Flatøy Bringsvor	Medlem	FRP
Kåre Fjørtoft	Medlem	FRP
Einar Ekroll	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Geir T. Torsvik	Medlem	A
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Kjerstin Sande	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Merethe Almestad	Mathias Hogne Gjerde	H
Tor Egil Gulbrandsen	Geir T. Torsvik	A
Ove Myklebust	Kjerstin Sande	TVP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Konst.rådmann
Tove Cathrine Kvamme	konsulent

Val av settevararordførar: Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 21

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 35/18	Skriv og meldingar	
PS 36/18	Suppleringsval kommunestyre og formannskap. Val av varaordførar. Val av representant i ulike styre, råd og utval	2018/899
PS 37/18	Revidering av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	2018/879
PS 38/18	Interkommunalt samarbeid for NAV-tenesta og Barneverntenesta	2017/1488
PS 39/18	Ny vassforsyning Gursken/Gjerdsvik	2018/536
PS 40/18	Gnr 2 Bnr 2 mfl - Detaljreguleringsplan for hytteområde FH4 Gota. Stadfesting	2018/122
PS 41/18	Nytt leidningsnett i Prestegardsvegen på Larsnes	2018/800
PS 42/18	Gnr 73 Bnr 81 "Sandebu" - sal av eigedom	2018/742
PS 43/18	Digital distribusjon av kommunestyremøta	2018/649
PS 44/18	Økonomirapportering 2.kv. 2018	2018/469
	Eventuelt	

Sak K-44/18 Økonomirapportering 2. kv. 2018 vart handsama etter sak K-38/18.

PS 35/18
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Kommunestyret :

RS 22/18 Orientering om rådmannssitasjonen v/ordfører Dag Vaagen

RS 23/18 Vanylven kommune: Oppseiing av avtale om interkommunalt samarbeid av PPT-tenesta

RS 24/18 Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3: Invitasjon til forhandlingar om etablering av større revisjonseining

RS 25/18 Særutskrift Arbeidsmiljøutval: Interkommunalt samarbeid for NAV-tenesta og Barneverntenesta

RS 26/18 Fylkeskommuna: Høyring mulig reduksjon i busstilbod frå 1. mai 2019

RS 27/18 Fylkeskommuna: Ruteendringsprosessen 2019 - forslag til nye rutetider ferje.

VEDTAK:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

PS 36/18
SUPPLERINGSVAL KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP. VAL AV
VARAORDFØRAR. VAL AV REPRESENTANT I ULIKE STYRE, RÅD OG UTVAL

Handsaming i Kommunestyret :

Fellesframlegg frå Høgre og Tverrpolitisk Liste til pkt. 3:

Fast medlem i formannskapet: Bjørn Flatøy, Tvp. Ny 6. vara Kjerstin Rebekka Sande, Tvp
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegg frå Høgre og Tverrpolitisk Liste til val av varaordfører:

Anne-Marte Skarmyr Beitveit vert vald til vararordfører for resten av valperioden.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Val til andre styre, råd og utval: samr. med val av varaordfører og enkelte andre representantar i dei ulike styre, råd og utval.

VEDTAK:

Suppleringsval kommunestyre og formannskap:

1. Helge Støylen får fritak frå alle politiske verv i Sande kommune frå 10.9.2018 på grunn av flytting frå kommuna.
2. Fast medlem i kommunestyret : Kjerstin Rebekka Sande, Tvp.
Ny 7. vara Janfrid P.G. Ristesund, Tvp.

3. Fast medlem i formannskapet: Bjørn Flatøy, Tvp.
Ny 6. vara Kjerstin Rebekka Sande, Tvp.

Val av varaordfører for resten av valperioden:

Anne-Marte Skarmyr Beitveit, Tvp

Val til andre styre, råd og utval:

Fast medlem i valstyret: Anne-Marte S. Beitveit. Ny 2. vara: Bjørn Flatøy.

Varamedlem i Administrasjonsutvalet: Kjerstin R. Sande, 1. vara.

Nyvald varaordfører trer inn som personleg vara for ordfører i dei styre, råd og utval der dette er naturleg.

Byggenemd Haugelia Barnehage: Anne-Marte S. Beitveit.

Sande Fastlandssamband AS, årsmøterepresentant og vara:

Anne-Marte S. Beitveit, representant – Einar Ekroll, vararepresentant

Rovdefjordsambandet AS, årsmøterepresentant og vara:

Anne-Marte S. Beitveit, representant – Arnljot Muren, vararepresentant

PS 37/18

REVIDERING AV KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga

VEDTAK:

Det vert rådt til at kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vert rullert, og støttar opp om skissert organisering og framdrift. Formannskapet vert styringsgruppe for planarbeidet.

PS 38/18

INTERKOMMUNALT SAMARBEID FOR NAV-TENESTA OG BARNEVERN-TENESTA

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga med slik endring i pkt. 2:

Sande kommune følgjer opp invitasjonen frå Volda kommune»

Pkt. 3 i tilråding frå Arbeidsmiljøutvalet vert lagt til som nytt avsnitt til pkt. 2.

VEDTAK:

Pkt 1:

Sande kommune inngår samarbeid om NAV-tenester med Hareid kommune og Ulstein kommune med Hareid kommune som vertskommune med verknad frå 01.01.2019.

Sande kommune legg til grunn at samarbeidet fyl arbeidsmiljølova sine reglar om overdraging av verksmed, og elles dei ålmenne spelereglane i arbeidslivet, slik som Hovudavtale og Hovudtariffavtale.

Rådmannen får i oppgåve å legge fram ein samarbeidsavtale mellom kommunane/NAV for NAV-tenestene til politisk behandling.

Pkt 2:

Sande kommune følgjer opp invitasjonen frå Volda kommune om å føre avklarande samtalar om barnevernstenester før endelig vedtak om barneverntenesta vert fatta. Ordførar, rådmann og barnevernsleiar deltek i samtalanane med Volda kommune.

Rådmannen får i oppdrag å utgreia eit lokalt alternativ som kan omfatta t.d. barnevern, flyktingteneste, kommunepsykolog, kultur, PPT, helsestasjon.

PS 39/18

NY VASSFORSYNING GURSKEN/GJERDSVIK

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre vedtek å gjennomføre ei stegvis utbygging av ny vassforsyning for Gursken/Gjerdsvika slik det går fram av søknad til Mattilsynet datert 25.01.2018 og elles godkjenning frå Mattilsynet 20 feb 2018.

Kostnaden med utbygginga (etappe 1) på ca kr 5 820 000,- jfr vedlagt kostnadsoverslag vert å finansiere over prosjektnummer 61 409 Vassplanen.

Tidlegare Kst sak 2017/296 Oppgradering av Gjerdsvika VBA vert dermed ikkje å gjennomføre.

Teknisk sektor får tilført ein stillingsressurs på 100 % stilling i utbyggingsperioden på 3 år
Kostnaden med stillingsressursen vert å finansiere over investeringa – prosjektnummer 61 409 vassplanen.

Utgreiing av forhold knytt til ev. innføring av tvungen tilkopling vert å legge fram for kommunestyret i eiga sak. Herunder vurderingar i høve framdrift, økonomi, retningslinjer m.m.

Endeleg val av framtidig vasskilde fir Gursken/Gjerdsvika vert å arbeide vidare med slik det går fram av søknad til Mattilsynet datert 25.01.2018

PS 40/18

**GNR 2 BNR 2 MFL - DETALJREGULERINGSPLAN FOR HYTTEOMRÅDE FH4
GOTA. STADFESTING**

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande Kommunestyre den framlagde detaljreguleringsplanen for Gota Hyttefelt M=1:1000 dat.20.03.2018 m/føresegner.

PS 41/18

NYTT LEIDNINGSNETT I PRESTEGARDSVEGEN PÅ LARSNES

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre vedtek å legge om/fornye det kommunale leidningsnettet i ei strekning på ca 150 meter i Prestegardsvegen på Larsnes slik det går fram av vedlagt kartskisse. Kostnaden vert å finansiere slik det går fram av saksutgreiinga.

Investeringsbudsjettet vert å regulere slik det går fram av saksutgreiinga

PS 42/18

GNR 73 BNR 81 "SANDEBU" - SAL AV EIGEDOM

Handsaming i Kommunestyret :

- Jon Garen fekk permisjon og forlet møtet. **20 røysteføre.**

Dag Vaagen sette fram følgjande framlegg frå Høgre og Tverrpolitisk liste:

1. Sande kommune vedtek å forhandle med GO Group AS om sal av Sandebu gnr 73 bnr 81 til takst tilsvarande markedsverdi.

2. Sande kommune tek ansvar for å kunne tilby alternative fasilitetar for Kong Arthurspelet i nær dialog med spelet og i samarbeid med næringsliv og frivillige. Kommunestyret er innstilt på å nytte økonomiske ressursar av frigjorde midlar av evt sal av Sandebu til å utvikle spelplassen.

3. Formannskapet får mandat til å forhandle med GO Group og til å gå i dialog med Kong Arthurspelet, jmf. pkt 2.

Samr. som framlegget frå Høgre og Tverrpolitisk liste.

VEDTAK:

1. Sande kommune vedtek å forhandle med GO Group AS om sal av Sandebu gnr 73 bnr 81 til takst tilsvarende markedsverdi.
2. Sande kommune tek ansvar for å kunne tilby alternative fasilitetar for Kong Arthurspelet i nær dialog med spelet og i samarbeid med næringsliv og frivillige. Kommunestyret er innstilt på å nytte økonomiske ressursar av frigjorde midlar av evt sal av Sandebu til å utvikle spelplassen.
3. Formannskapet får mandat til å forhandle med GO Group og til å gå i dialog med Kong Arthurspelet, jmf. pkt 2.

PS 43/18**DIGITAL DISTRIBUTJON AV KOMMUNESTYREMØTA****Handsaming i Kommunestyret :****Samr. som tilrådinga.****VEDTAK:**

Av økonomiske årsaker vert innføring av digital distribusjon av kommunestyremøta utsett og søkt innbakt i budsjettet for 2019, med sikte på innføring i 2019.

PS 44/18**ØKONOMIRAPPORTERING 2.KV. 2018****Handsaming i Kommunestyret :****Samr. som tilrådinga.****VEDTAK:**

Sande kommunestyre tek Økonomirapport 2.kvartal 2018 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer.

PS 45/18

VAL AV REKRUTTERINGSNEMD FOR TILSETJING AV RÅDMANN

SAMR. VEDTAK:

Som rekrutteringsnemd for tilsetjing av rådmann vert ordførar, varaordførar, Arnljot Muren og hovudtillitsvald valde.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart Liv Sæther Myskja og Arnfinn Hide valde.

Møtet slutt kl 20.05

Liv Sæther Myskja

Dag Vaagen

Arnfinn Hide

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 20. september 2018

Tove Cathrine Kvamme

Politisk sekretær